



Odd Fuglestad
Åslandsbakken 50

4332 Figgjo

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Svein Marken	952 12 653	2023/2275-2		10.07.2023

Vedkjem førespurnad - endring fasade - 95/158

Det vart i vedtak 2021/198 datert 22.03.2021 gjeve løve til grunnarbeid vatn og avlaupsanlegg, og betongarbeid 19 naust(fundament og vegger) og 2 flytebyggjer.

I grunnlaget for løyvet vart det opplyst at utføring av nausteiningar kan gjerast av den einskilde kjøpar som sjølvbyggjar. Det er so langt ikkje registrert søknad om oppføring av naust på gbnr.95/158.

Du ynsker ei endring i forhold til dei fasadeteikningane som er grunnlag for godkjenninga i i vedtak 2021/198.Nausta i området skal tilpassast kvarandre, og form, farge og materialbruk er då særskilt vektlegg. Det vart gjeve endringsløyve for naust på gbnr. 95/126 , då også for noko endra fasade mot sjø der ein godkjende som tillegg to mindre ruta vindaug i gavlveggen.

Opprinneleg godkjent naustfasade i feltet

Godkjent endring gbnr. 95/126



Di føreslegne løysing med eit vindauga med storleik på om lag 2m² i gavl og fjerning av begge vindauga nede er ei løysing som bryt vesentleg med det som er gjeve løyve til på gbnr. 95/126, og administrasjonen vil ikkje vera positiv til ei slik løysing ved søknad om oppføring av naustbygget.

Di skisserte endring;



Endringa med eit mindre vindauga i dør(fasade 4) kan akseptert. Det kan truleg også akseptert eit mindre vindauga i sidevegg(fasade 1), men du lyt her avklara krav til eit slikt vindauga i forhold til vurderinga gjort kring brannsikring.

Vonar dette var avklarande.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Svein Marken
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.